

# Nyheitsbrev



## Goddo Grendalag

Utgåve nummer 3      Juni 2022

Her kommer litt frisk informasjon frå Goddo Grendalag.

### Styremøte 07.06.2022

#### Ungdomsklubb

Me hadde ein idémyldringskveld med ungdommane i bygda 13.mai, noko som vart ein kjempe suksess. Mange ungdommar kom, og dei hadde mange gode ønsker for kva dei kunne bruka ein slik kveld til.

Fredag denne veka hadde me den første ordinære ungdomsklubben, noko som blei godt mottatt blant den yngre garde i bygda. Me var oppe i 26 stk under 16 år, noko som må vera suksess.

#### Beising

Me har i år bestemt at benkar og busskur skal beisast av nokre ungdomar. Dei har starta godt, men ventar no på godt vær for å fortsetta det arbeidet.

#### 17.mai

I år var det første ordinære 17.mai feiring på nokre år, og i den anledninga kutta me ut betasuppa frå menyen. Den avgjersla vart tatt i samråd med alle 17.mai komiteane da me ikkje er så mange som er med i komiteane lengre, og derfor blir det vanskeleg å få nok folk til å styre med all den maten. Me oppfatta ikkje det store savne etter betasuppa, men det kan jo være at folk ikkje følte for suppa denne dagen, sidan det var så fint vær.

#### Oppdatering av medlemsinformasjon

Eg hold i desse dagar på med å oppdatera medlemslistene, så dersom du får melding og mail frå styreweb.com så er det berre me som ønsker å rette opp i medlemsregisteret vårt, slik at me rekk ut til flest mogleg på e-post. Det er også sendt ut oppfordring om å registrera seg på Gnist, det er ein gratis-app som Grendalaget vil bruka meir og meir i kontakt med medlemmane. Det er ikkje noko krav om den appen, men det er ein enkel måte å samle all informasjonen frå Grendalaget på ein plass.

## Sankthans / Jonsok

Sankthansfeiringa i år vil bli på Grendatunet Erevik, da meldingane ikkje er så gode for Barmane. Men vis det blir store forandringar på vær fronten så vil me hiva oss rundt og lage til bål på Barmane. Info kjem seinare.

## Informasjonsskilt Goddo

Det berykta informasjonsskiltet så tidlegare sto ved Goddebrua vil «oppstå» på den nye parkeringsplassen som Bømlø Turlag har fått lagga til ved brua. Det vil nok ikkje bli 100% det same skiltet som sto ved brua, men me har eit samarbeid med turlaget om å laga eit skilt som me og dei kan stå inne for.

**Har du innspel til aktivitetar eller noko du vil dra i gang, nøl ikkje, ta kontakt i dag 😊**

*Eit lite innblikk i styrearbeidet til Goddo Grendalag 😊*

Helsing

Styret

